



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	25.03.2010
Tid:	15:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Eva Tangen	Medlem	SP
Helge Orten	Leiar	H
Evy Mette Risvik	Medlem	H
Hallstein Solvang	Medlem	H
Lars Jarle Jensen	Medlem	H
Magne Reiten	Nestleiar	SP
Johnny Hagset	Medlem	AP
Reidar Tangen	Medlem	TVP
Arnstein Misund	Medlem	KRF
Per Håvard Klauset	Medlem	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Aslaug Jensen Sanden	MEDL	H
Frits Inge Godø	MEDL	V
Roy Heggdal	MEDL	H
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Helge Løken	MEDL	SP
Eli Linda Nesje	MEDL	KRF
Line Akselvoll	MEDL	AP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Odd Jarle Løken	Aslaug Jensen Sanden	H
Rune Pedersen	Frits Inge Godø	V
Ingvild Havnen Solvang	Roy Heggdal	H
Oddleif Gangstad	Odd Helge Gangstad	SP
Svanaug Lervik	Helge Løken	SP
Asbjørn Ræstad	Eli Linda Nesje	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Geir J. Göncz	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Gunn Hole	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Helge Orten

Magne Reiten

Evy Mette Risvik

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 10/11	Underskrift	
PS 10/12	Godkjenning av protokoll	
PS 10/13	Referatsaker	
PS 10/14	Open post	
PS 10/15	Interkommunalt VA - samarbeid - Delprosjekt	2009/619

PS 10/11 Underskrift

Behandling i Kommunestyret - 25.03.2010

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valt Magne Reiten og Evy Mette Risvik.

Vedtak i Kommunestyret - 25.03.2010

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valt Magne Reiten og Evy Mette Risvik.

PS 10/12 Godkjenning av protokoll

Behandling i Kommunestyret - 25.03.2010

16 voterande.

Kommunestyret sin protokoll frå møte 25.02.2010 vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Kommunestyret - 25.03.2010

Kommunestyret sin protokoll frå møte 25.02.2010 vart samrøystes godkjent.

PS 10/13 Referatsaker

Behandling i Kommunestyret - 25.03.2010

Det vart utdelt informasjonsbrosjyre om den viktige rolla partia/listene har i nominasjonane til kommunestyrevalet i 2011.

Møtet vart innleia av Harald L. Espeland frå Tibe PR som presenterte "Jakten på det unike" – omdømebygging for komunar og lokalsamfunn.

Per Håvard Klauset (SP) oppfordra kommunen til å avgi høringsuttale til Helseforetaket sin strategi 2020. Kommunestyret slutta seg til dette, og rådmannen vart difor bedt om å lage eit utkast til høringsuttale til politisk behandling.

Rådmann Geir J. Göncz orienterte om endring i husleiga på trygdebustadane frå 1.1.2010. Ref. brev utarbeidd av teknisk sjef, Inge Rakvåg til leigetakarane i trygdebustadane.

Rådmannen orienterte og om melding om tilsyn frå Arbeidstilsynets prosjekt "Arbeid for helse".

Vedtak i Kommunestyret - 25.03.2010

Referatsakene vart tatt til vitande.

PS 10/14 Open post

Behandling i Kommunestyret - 25.03.2010

Ordføraren orienterte om status i dialogen med Placement Utvikling AS.

Ordføraren orienterte kommunestyret om fergeavgangen kl. 06.10 på rute Solholmen – Mordalvågen. Fylkeskommunen har ansvar for rute 30 og vil i forhandlingane med Fjord1 søke å finne ei løysing for å oppretthalde denne avgangen innanfor den ordinære ramma.

Busstilbodet på laurdagar er foreslått nedlagt. Det skal undersøkast om ei eventuell samkøying med busstilbodet til Aukra kan vere eit alternativ.

Magne Reiten (SP) tok opp drosjesituasjonen i kommunen, der kommunen kan stå utan drosjetilbod frå sommaren av. Ordføraren vil ta kontakt med løyvehavarane for å diskutere situasjonen.

Johnny Hagset (AP) ønska svar på kvifor rute 30: Solholmen – Mordalvågen ble den skadelidande ruta, og fekk tildelt ei mindre ferge når ferger på andre ruter var ute av drift. Er dette i tråd med dei krava som er stilte for denne ruta? Ordføraren vil ta opp problemstillinga med Møre og Romsdal fylke og Fjord1.

PS 10/15 Interkommunalt VA - samarbeid - Delprosjekt

Forslag til vedtak:

Midsund kommune er positiv til at en arbeider vidare med detaljplanlegging av et interkommunalt selskap med ansvar for vann- og avløpsvirksomheten i regionen.

Midsund kommune vil be om en vidare utredning av samarbeid om VA - tjenestene iht. modell C2 og samarbeid om myndighetsoppgavene iht. modell B1.

Behandling i Kommunestyret - 25.03.2010

Magne Reiten (SP) fremma følgjande forslag:

Midsund kommune går ikkje vidare med detaljplanlegging av eit interkommunalt selskap med ansvar for vatn og avløp i regionen.

Midsund Høgre fremma følgjande forslag:

Midsund kommune er positiv til at ein arbeider vidare med detaljplanlegging av eit interkommunalt selskap med ansvar for vatn og avløpsvirksomheten i regionen.

Magne Reiten (SP) ba om gruppemøte før votering.
Gruppemøte.

Votering

16 voterande

Det vart votert over forslag fremma av Magne Reiten (SP). Forslaget falt med 9 mot 7 stemmer.

Det vart votert over forslag fremma av Midsund Høgre mot rådmannens forslag til vedtak.
Forslag frå Midsund Høgre blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 25.03.2010

Midsund kommune er positiv til at en arbeider videre med detaljplanlegging av et interkommunalt selskap med ansvar for vann- og avløpsvirksomheten i regionen.